

Årsmelding 2025

Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Foldnes sokn



Under "menighetsweekend" var det mellom
anna stasjonert postar i og rundt kyrkja

Foldnes sokneråd



Per Helge Refvik
Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiar

Visjonen til soknerådet står fast: Foldnes kyrkje skal vere «Di kyrkje for alle dagar». Gjennom 2025 har vi fått sjå korleis denne visjonen vert fylt med innhald og liv. Kyrkja vår er ikkje berre eit bygg, men ein stad der menneske i alle aldrar møtest til fellesskap, tru og kvardagsglede.

Mange kjenner seg heime i dei faste gudstenestene våre, og vi er djupt takksame for alle frivillige som gjer dette mogleg. Om du er kyrkjevert, tekniskar, forsongar, søndagsskuleleiar, skriftlesar eller ein av dei som syter for at kyrjekaffien står klar – din innsats er uvurderleg for fellesskapet vårt.

Dei aller fleste dagane i veka er det ulike aktivitetar i kyrkja vår. Kyrkja og kyrkjestova i kjellaren har verkeleg vorte ein levande møteplass midt i veka, med ulike samlingar for dei fleste aldersgrupper.

Vi set òg stor pris på det gode samarbeidet med KFUK-KFUM om Mandagsmiddag, Lukas TenSing og Lukas Gaming, som når ut til barn og unge på ein flott måte.

Vi er òg stolte av musikk- og korarbeidet i kyrkja. På gudstenester og konsertar er det mange svært dyktige musikarar og songarar i sving. Takk for alt de bidreg med!

Gjennom basargruppa og gjevartenesta sikrar vi midlar til det lokale arbeidet vårt og til misjonsprosjekta i Thailand (NMS) og prosjektet Jesu døtre (Israels-misjonen). Takk til alle som bidreg med både tid og gåver – det gjer at vi kan halde fram med å vere ei kyrkje som ser utover.

Dette året må vi òg nytte høvet til å takke soknepresten vår, Maria Tveten, som no har slutta hos oss. Takk for den fantastiske innsatsen og alt det du har gjeve til kyrkjelyden i åra du har vore her. Ditt engasjement og din varme vil verte sakna, og vi ønskjer deg alt godt vidare i tenesta di.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til alle medarbeidarar, både frivillige og tilsette. Dykkar dyktige og engasjerte teneste gjer at Foldnes kyrkje kan vere ein god stad å vere for oss alle.

Takk for eit innhaldsrikt 2025!

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt ni møte i løpet av året, og har handsama 80 saker. Døme på viktige saker vi har arbeidd med:

- Arbeidet med å få i gang aktivitetar i kyrkjekjellaren.
- Endringar i gudstenesteforordninga for Foldnes sokn.
- Forslag frå gudstenesteutvalet til gudstenestearbeid framover.
- Arbeid med å få ein ungdomsprest knytt til Foldnes sokn.
- Dialog med fellesrådet om korleis vi kan tilpasse oss endringar i tildelingar frå kommunen.
- Arrangement: Kyrkjelydsweekend, juletreffest, sommaravslutning, «Vi syng jula inn».
- Vidare arbeid med å fornye lysanlegget i kyrkja og kjøpe inn ny prosjektør, kormikrofonar, lysfat mm.
- Strategi- og planarbeid.
- Fellesgudsteneste på Bibeldagen.
- Vedtak av budsjett og rekneskap.
- Fastsetje gudstenestelister og offerlister.

Medlemmar i soknerådet

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar, varamedlem i fellesrådet)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Torill S. Nyborg (fast medlem i fellesrådet)
- Astrid A. Myskja
- Renate Olsen
- Hein Kvalheim
- Ingelin Djupevåg
- Ole Hamre
- Gunnar Innerdal (1. vara og sekretær)
- Bente Madsen (vara)
- Trond Høvik (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)

Alle vararepresentantane får innkalling og deltek som regel på alle møta. Arbeidsutvalet (AU) er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Takk til alle i soknerådet for høgt engasjement og trufast arbeid!





Årsrapport frå soknepresten



Maria Tveten
Sokneprest

Spor av Gud

I fjor reiste gruppa «gudsteneste-ungdom», ei samling ungdomar som går på gudsteneste i Foldnes kyrkje, til London. Ei av oppgåvane var å sjå etter spor av Gud gjennom det vi var med på og opplevde. Kvar dag hadde vi samtalar som gjorde oss merksame på kva Gud gjer og kor vi kan sjå spor av Gud. Å sjå etter

slike teikn på at Gud er, Gud skapar og Gud finnast midt i blant oss, har diverre ikkje vore ei medviten post på programmet dei åra eg har vore sokneprest. På avslutningsgudstenesta i januar, sa eg like fullt at eit av spora etter Jesus er fest og glede. For sånn var det då Jesus gjorde vatn til vin i eit bryllaup. Desse åra eg har fått vore sokneprest har vore fylt av mykje fest og glede. Dei siste åra har eg skrive «Ukens gladsak» i «Fredagshilsen fra presten». Når eg no tenkjer meg om, så har desse nådefulle tilbakeblikka på veka som har vore, faktisk vore spor av Gud. Det har vore svært mykje å glede seg over. Gud skapar framleis og Jesus lever, midt i blant oss.

Det har vore mykje fest og glede, samstundes som sorg og smerte og har vore ei del av kvardagen i kyrkjelyden. Livet kan nokre gongar vere meir enn vi klarer å bære åleine, og det er heller ikkje tanken at vi skal bære alt åleine. Samtalerommet i kyrkjekjellaren er eit godt

rom å finna saman i, til samtale, hjelp, trøyst, bøn og nokre gongar òg takksemd. Her i dette rommet finnast spor av Gud.

Takk


Dette er og ei anledning til å takka for alle desse åra eg har fått vore ungdomsprest og sokneprest. Eg er full av takksemd og kjenner at eg har vore heldig som har fått vore sokneprest i Foldnes kyrkje. Eg er særleg glad for alle menneskemøta eg har vore heldig å få. Eg takkar for at eg vart tatt så godt imot den gong, og håpar at kyrkjelyden vil ta like godt imot den nye soknepresten. Takk for alt samarbeid og all forbøn.

Statistikk

Kyrkja vår skal vere «Di kyrkje for alle dagar». Visjonen vart til i 2020, og vart vedteken på eit soknerådsmøte som var på teams. Koronapandemien hadde gjort fysiske møte vanskeleg. Dette førte til at mykje av arbeidet som vart bygd opp i forkant av pandemien, falt saman, og tala på gudstenestedeltaking fall. No, i 2025, er vi tilbake på same nivå som vi var før pandemien, og samstundes har nattverdsdeltakinga gått opp (12% i 2024 og ytterlegare 15% i 2025) og er no høgare enn det har vore så lenge vi har hatt statistikk i Foldnes sokn. Viss dette er ei indikator på at Jesus gjer seg meir gjeldande i livet til den einskilde, så er dette i alle fall eit teikn i tida. Gud skapar framleis og Jesus lever, midt i blant oss!



Statistikk

DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT




Pr. 31.12.2025 er det **8661**
medlemmer i Foldnes sokn.


GJENNOMSNITTLEG ANTAL NATTVERDSGJESTAR




ANTAL DØYPTE



ANTAL KONFIRMERTE



ANTAL GRAVFERDER



ANTAL VIGDE

Gjennom åra 2023-2025 var Fjell kyrkje heilt eller delvis stengt for mellom anna vigsel og gravferd. I periodar vart gravferd flytta til mellom anna Foldnes kyrkje.



Årsrapport frå barn og unge

Ein stad å høyre til

Alle døypte i kvart årskull, frå det året barnet fyller 2 år, får invitasjon i posten til ein årleg T-dag. T-dagane er etter kvart godt innarbeid og har 20 års jubileum i 2026. Utfordringa er å gjere oss kjent også for barnefamiljar som er nytilflytta, eller som av andre grunnar ikkje har høyrte om T-dagen.

Ei anna utfordring er å byggje bruene mellom det kontinuerlege arbeidet og dei einskilde T-dagane. Vi jobbar for at dei som er med på ein T-dag også blir inviterte til eit kontinuerleg tiltak (til dømes søndagsskulen eller Lillelørday) og/eller til eit fellesarrangement som ei familiegudsteneste eller ein juletefeste, altså at dei opplever seg som ein aktiv del av kyrkjelyden.

Godt samarbeid med skular og barnehagar

I løpet av året møter vi mange born gjennom det gode samarbeidet med skulane og barnehagane. Mange av desse er ikkje medlem av kyrkja, men foreldra vel likevel at borna skal vere med. I 2025 var det til dømes

778 skuleelevar (122 %) og 342 barnehagebarn (160 %) på adventssamling i kyrkja vår. Nesten samtlige barnehagar i området blir med på påskevandringane våre.

I tillegg er vi i kontakt med veldig mange skuleborn gjennom undervisningsopplegga "Tredjeklassebesøk", "Vandring på gravplassen" og "Bibelsporet". Mange av elevane gjer då uttrykk for at dei kjenner oss igjen, og at dei er glade for å sjå oss. Lærarane melder tilbake at dei er særst nøgde med det faglege innhaldet i desse tiltaka.

Fokus på småbarnsfasen (0-5 år)

I 2025 starta vi opp med Knøttetreff i kyrkjestova. Desse månadlege samlingane for heile småbarnsfamilien, med leik, bibelforteljing, song og kveldsmat, har blitt stadig meir populære. Mange av familiane har vi blitt kjent med gjennom babysong. Totalt 55 babyar har vore innom babysongen vår i løpet av 2025, og dette utgjer 112 % av medlemsmassen. Både på babysongsamlingane og på Knøttetreff har vi stor glede av frivillige medarbeidarar.



Di kyrkje for alle dagar ... og alle aldrar

Noko av det unike med kyrkja, er at vi kan møte kvarandre på tvers av generasjonar. Til T-dagane blir barna inviterte etter årskull, men dei blir oppmoda til å ta med heile familien, og vi ser mange besteforeldre som støttar heilhjarta opp om dette. I gudstenesta blir også alle aldrar inkludert, mellom anna gjennom "kyrkjekonkurransen" og søndagsskulen. Nokre gongar i året, særleg på kyrkjelydsweekenden, karnevalsgudstenesta og juletreffesten, blir det ekstra tydeleg at vi alle er "i same båt" (kyrkjeskipet). Når vi kjem saman i lek og alvor, og på tvers av generasjonar, skjer det mykje god trusopplæring og relasjonsbygging.

Ungdomstida

Hausten 2025 fekk vi 104 nye konfirmanter her i Foldnes. Av desse var sju ikkje døypte. Det viser at fleire ungdommar vel å komme til kyrkja, sjølv når dei ikkje har tilknytning til kyrkja frå før.

i ønskjer å vere ei kyrkje kor alle ungdommar kan høyre til. Ein måte å oppnå dette, er gjennom varierte fritidstilbod. Vi har LED for alle i 10. klasse, kor vi til

hausten fekk med oss seks jenter. På Lukas Tensing er fleire av ungdommane òg konfirmanter. Lukas Gaming held til i kyrkjekjellaren, den samlar deltakarar i eit positivt fellesskap prega av aktivitet, samarbeid og trivsel.

Elles har vi fleire interessegrupper for konfirmanter. Ei nyoppstarta gruppe frå hausten var «Mat og prat», kor ein liten gjeng med gitar får komme heim til ein familie i kyrkjelyden, ete saman og få gode samtalar. Ei anna populær interessegruppe var Lysmesse. I forkant av lysmessa samla konfirmanter seg for å dryppe lys. Dette blei ein kjekk kveld, og fleire av konfirmanter endte med å også dryppe avstøypingar av hendene sine.

FUNK – som er alle ungdomsgruppene i Fjell, Foldnes og Landro, har lange tradisjonar for å arrangere adventsfest. I år blei festen arrangert i Foldnes kyrkje. Ungdomar frå Tensing var konferansierar, og bidrog med song og musikk, og fleire ungdommar var med i planlegginga, og lagde det som blei ein veldig fin adventsfest.



Antal på babysong i Foldnes: 55 babyer


| Det er registrert 49 døypte babyar i soknet



UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Prosent av antal medlemmer i årskullet


T4 KYRKJEBOKA




T7 SPRELL LEVANDE



T10 HALLOTWEENS



T13 ACTION





Årsrapport frå diakoniarbeidet

Ellen Ebbesvik og Maria Wergeland tilsette som diakonimedarbeidarar, dei har tilsaman 100 % stilling. Diakoniutvalet har bestått av Ellen og tre frivilluge. Dette året har utvalet jobba med å revidere diakoniplanen til soknet.

Treff: Fyrste onsdag i månaden møtast 35-40 personar til drøs, song, mat og andeleg påfyll. Det kjem stadig nye menneske innom. Vi har og i år hatt besøk av ulike talarar og songarar. Kollega Eivind Lie er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong. Dei fire frivilluge som lager mat og serverer gjer ein kjempeinnsats.

Livets lys har samlingar ein gong i månaden og er eit tilbod til utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen. Samlinga startar i kyrkjerommet med mykje song- og musikk-glede, ord for kvelden, utlodning og kveldsmåltid i kyrkjelydssalen.

Sorgarbeid er ei viktig teneste i diakonien. I soknet vårt har vi tilbod om sorggrupper både for vaksne og ungdommar.

I oktober var det «sorgkveld» i Foldnes kyrkje med tema «Å leve med sorg i livet». Dette vart arrangert i samarbeid med dei andre sokna i kommunen.

I forkant av allehelgensdag ynskte kyrkja å vere ekstra synlege. Diakoniarbeidarar var ein laurdag på stand ved Sartor senter og delte ut over 400 lys til menneske med invitasjon til kyrkja. Det vart også sendt ut brev til pårørende til dei som vart gravlagt frå Foldnes kyrkje det siste året, med invitasjon til allehelgensgudsteneste.

Kyrkja var også representert på frivilligdagane på Sartor i mars og september dette året.

Heimebesøk: Vi tilbyr også samtalar og heimebesøk. Dette inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid, som

har hatt ei auke sidan 2024. Diakonimedarbeidar er og innom Øygarden lokalmedisinsk senter og Straume bu- og servicesenter for besøk og andakter. Frivilluge reiser også på besøk for samtale over ein kaffikopp.

Frivillighet: I februar vart frivilligheita i kyrkja feira med stor medarbeidarfest i kyrkjelydssalen for alle frivillige.

Kyrkjestova

I 2025 har det starta opp fleire tiltak med base i kyrkjestova i Foldnes. Tiltaka skal evaluerast etter ei tid.

Open lunsj: Frå august av har det vore ope lunsj i kyrkjestova kvar onsdag det ikkje er «Treff» i kyrkja. Her er både diakonimedarbeidar og frivillige med for å lage fellesskap rundt måltid og samtalar. Det er stadig nye personar som kjem innom og vi ynskjer å halde fram med tilbodet også våren 2026.

Kvardagsmesse og vaffel-taffel: Hausten 2025 starta det og opp Kvardagsmesser i Foldnes kyrkje. I forkant av desse samlingane har det vore ope i kyrkjekjellaren med servering av vaflar og kaffi ein gong i månaden.

Vaksenundervisning: Tru og tanke er temakvelder for vaksne og har samlingar tysdagar om lag ein gong i månaden. Dette tilbodet starta opp hausten 2025.

Mandagsmiddag: Måndagar leiar KFUK/M mange aktivitetar i kyrkja. Mellom anna har mandagsmiddag vore fast tilbod to gongar i månaden denne hausten med gratis middags, aktivitetar, lek og samlingsstund. Tilbodet har vore godt besøkt.

Basargruppa og **mannsgruppa** har samlingar ein gong i månaden og er viktige møteplassar i Foldnes kyrkje. Begge desse gruppene har lang tradisjon og vert drive godt av kyrkjelydsmedlemmer.

Planane framover i 2026 er å ha ei aktiv diakoniteneste.

Årsrapport frå organisten



Aasmund Brekke
Organist

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, med vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene og kveldsgudstenestene har det vore med band, og på mange

gudstenester elles er det med hammondorgel saman med piano. Etter at det vart lite bruk av band under pandemien har vi no omsider kome i gang att med eit meir planmessig arbeid med bandgudstenester der vi set opp lister over medverkande musikarar for eitt semester om gangen.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 15 frivillige forsongarar som byttar på på å leia salmesongen på så godt som alle gudstenester gjennom året. I tillegg har til saman rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka ved ein del av gudstenestene, dessutan har vi nokre gonger leigd inn profesjonelle musikarar.

Elles har fleire kor/korps medverka på gudstenester gjennom året, m.a. Gospelkoret Lokal Vokal med band, Lukas TenSing og Musikklaget Fjellklang.

Ramp-konsertar

Ramp-samlingane har hatt pause dette året, men det vart halde to konsertar i Ramp-regi, ein i februar pluss julekonsert. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med 6-7 musikarar som vekslar på å stilla som frivillige, pluss vekslande solistar, i 2025 har det vore med fire frivillige solistar.

Allsangkafé

Utforsking av eit opplegg med allsangkveldar i kyrkje-kjellaren har halde fram i 2025, med variert allsang kombinert med mulighet til å kjøpa mat i pausen. Det har vore arrangert to slike kveldar i vårsemesteret og to i haustsemesteret som har vore middels godt besøkte, men det tok seg opp litt i haustesemesteret.

Korarbeid

Gospelkoret Lokal Vokal øver kvar onsdag under leiing av dirigent Liv-Margrethe Muren Harila. I 2025 har koret medverka ved fleire gudstenester og Vi syng jula inn. I tillegg har koret arrangert eigen sommarkonsert, og korkafé saman med andre lokale kor.

Mannskoret Avogtil øver og opptre av og til, og har sunge på 17. mai, Vi syng jula inn og på høgtids-gudstenesta 1. juledag.





Konsertar i kyrkja

Følgjande konsertar i Foldnes kyrkje dette året:

- 11.02: Ramp vinterkonsert
- 01.06: Lukas Tensing sommarkonsert
- 04.06: Gospelkoret Lokal Vokal sommarkonsert
- 15.06: Musikklaget Fjellklang sommarkonsert
- 25.06: Orgelkonsert Edvard Hansen og Solveig Karoline Flekstad Vik
- 01.08: Konsert med SKRUK
- 30.09: Musikalsk tapas med Jan Tore Saltnes og Diana Moisejenkaite
- 19.10: Dag for dag – konsert med Jon Martin Skauge
- 28.10: Gospelkonsert med ein smak av Ukraina
- 04.11: Korkafé med Gospelkoret Lokal Vokal og Algrøykoret
- 26.11: Stille Natt – Julekonsert
- 01.12: Lukas Tensing julekonsert

- 06.12: Julekonsert med Renate Ekerhovd og Lasse Økland
- 10.12: Konsert med Demenskoret i Øygarden
- 12.12: Generalprøve til Ottesong med Øygarden Kulturskulekor
- 13.12: Ottesong med Øygarden kulturskulekor
- 14.12: Vi syng jula inn
- 17.12: Nystemt til jul – Julekonsert med Rune Larsen m.fl
- 18.12: Ramp julekonsert
- 21.12: 2 julekonsertar med Fjellkoret

Alt i alt har konsertane vore svært godt besøkt, med eit totalt publikumstal på 1557 på 9 utleigekonsertar, og til saman 1361 på dei 10 konsertane vi har arrangert sjølv (dette er tala frå årets statistikk, her er ikkje Ottesong og Vi syng jula inn med, sidan dei vert talde som gudstenester).

Medarbeidarane i Foldnes sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Vikarar	Sokneprest
Maria Wergeland	Diakonimedarbeidar/ sokneteamsleiar
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Kristine Dale	Kyrkjelydspedagog
Kyung Mi Yun	Ungdomsarbeidar
Natalie Yun Aarstad	Ungdomsarbeidar
Janne-Lin F. Andersen	Kyrkjetenar
Odd Ivar Frafjord	Kyrkjetenar
Solveig Børve Skjold	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskap Foldnes sokneråd 2025

Foldnes sokneråd har i 2025 hatt eit positivt netto driftsresultat før avsetjingar til fond på kr 263.397.

Samla driftsinntekter utgjorde kr 1.425.715 medan driftsutgiftene utgjorde kr 1.221.431.

Foldnes sokneråd har i 2025 motteke rest av testamentarisk gåve med kr 140.623. Dette er satt av på bundne fond til barne- og ungdomsarbeid. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Foldnes sokneråd.

Foldnes sokneråd har i 2025 brukt kr 121.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet, samt ekstra ungdomsarbeidar stilling med kr 32.000. I tillegg er det dekket løn til dirigent i gospelkoret Lokal Vokal med kr 150.865.

Offer innsamla til eigne verksemd utgjer kr 184.030 i 2025 fordelt på kr 133.805 til generelle formål, kr 25.400 til kyrkjemusikk, og kr 24.825 til ungdomsarbeid. Offer til andre formål utgjorde kr 321.657. Av dette er kr 80.468 til misjonsprosjektet. I fast gjevarteneste er det samla inn totalt kr 203.745, mellom anna kr 145.865 til barne og ungdomsarbeid og kr 7.000 til RAMP. Vidare har Foldnes sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 259.822. Kr 140.623 av dette gjeld testamentarisk gåve som er avsett til bundne fond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2025.

